

Kommunal- og moderniseringsdepartementet - KMD

Dykkar referanse:

Vår referanse: kag/21/0326/891

**Hallingdal, 26.3.2021**

## **HØYRINGSSVAR, NOU 2020:15 DET HANDLAR OM NORGE**

Regionrådet for Hallingdal som representera kommunane Hol, Ål, Gol, Hemsedal, Nes og Flå, støttar høyringssvar frå Fjellnettverket, vedlagt.

Beste helsing  
Regionrådet for Hallingdal

Petter Rukke (sign)  
Ordførar Hol kommune

Solveig Vestenfor (sign)  
Ordførar Ål kommune

Heidi Granli (sign)  
Ordførar Gol kommune

Pål Rørby (sign)  
Ordførar Hemsedal kommune

Tore Haraldset (sign)  
Ordførar Nes kommune

Merete H. Gandrud (sign)  
Ordførar Flå kommune

Vedlegg: Høyringssvar, NOU 2020:15 Det handlar om Norge



FJELLNETTVERKET

## Høyringsvar frå Fjellnettverket til NOU 2020:15 Det handler om Norge

Fjellnettverket er eit politisk nettverk for kommunar, regionråd og fylkeskommunar. Vi arbeider for å setje spørsmål for fjellområda på dagsorden, og for livskraftige fjellbygder. Fjellnettverket representerer fire fylkeskommunar, åtte regionråd og fleire kommunar i fjellområda i Sør-Noreg.

Styret i Fjellnettverket hardesse innspela til *NOU 2020:15 Det handler om Norge*.

### Behov for nytenking

Fjellnettverket takkar utvalet for ei grundig utgreiing og for invitasjonen til verkemiddeldugnad.

Fjellnettverket støttar utvalet i at det er eit stort behov for politisk nytenking for å sikre framtida for distrikta. Utfordringane må møtast med ei rekke tiltak på ulike område. Det er nødvendig med ein offensiv politikk med klare målsetjingar og nye verkemiddel for å møte utfordringane distrikta og landet står ovanfor.

Fjellnettverket meiner det er mogeleg å snu sentraliseringa og få til ei positiv utvikling som styrkar næringslivet og sikrar busetting og gode liv i distrikta. Det må til ein heilskapleg og offensiv nærings- og distriktpolitikk der fleire ulike verkemiddel blir tekne i bruk. Slik kan ein sikre vekst og busetting over heile landet.

### Offensive og klare målsetjingar

Fjellnettverket støttar utvalet i at ambisjonsnivået for distriktpolitikken bør vidareutvikle særpreget og skilnadene mellom by og bygd. Men Fjellnettverket meiner i tillegg at det bør leggjast til grunn mål om å auke innbyggartalet og særleg talet på barn og unge i distrikta.

Fjellkommunane i dag opplever at mange av dei som buset seg i bygdene, etterspør og ynskjer spreidd busetting. Det er tilgang på og mogelegheit for naturopplevingar og god plass som ofte er årsaka til etablering i fjellbygdene. Busetting i bygder utanom bygdesentrum gir mogelegheit for andre typar liv, og er viktigare for mange enn det som ein ofte kallar «urbane kvalitetar». Det blir lagt ned eit viktig og stort arbeid i fjellkommunane for å auke attraktiviteten, sikre gode vilkår for innbyggjarane og få fleire innbyggjarar.

Statleg politikk bør legge til rette for og støtte gode liv i distrikta. Utvalet påpeikar at det er distrikta som i stor grad har fått dei negative konsekvensane av ulike reformar i offentleg sektor. Fjellnettverket støttar utvalet i at omsynet til distrikta må vektleggast



FJELLNETTVERKET

sterkare i omstillingsprosessar. NOU 2020:15 viser at statleg politikk er sentraliserande, og fungerer som ei motkraft til arbeidet kommunane gjer for å auke attraktiviteten og få fleire tilflyttarar. Skal ein i framtida ha levande og livskraftige bygder, er det nødvendig med ein politikk som legg til rette for og byggjer oppunder arbeidet kommunane gjer for å styrke distrikta.

Utvalet legg til grunn at arbeidet med nye tiltak og omstilling ikkje handlar om auka ressursar, men nyskaping innanfor eksisterande rammer. Fjellnettverket meiner at skal vi i framtida sikre spreidd busetjing, vil det krevje ei omfordeling av ressursar.

Dei siste åra har fylkeskommunane fått stadig mindre økonomisk handlingsrom for å kunne støtte opp om viktige utviklingsprosjekt i distriktskommunane. Fjellnettverket meiner at dei regionale utviklingsmidla til fylkeskommunen både må aukast og øymerkast til føremålet, og ikkje vere ein del av rammetilskotet.

Det er også viktig for folketalsutviklinga at det er tilgjengeleg gode økonomiske verkemiddel for næringslivet. Å auke rammene for dei distriktsretta verkemidla i Innovasjon Norge vil vere viktig. Det er også mogleg å øymerke delar av Innovasjon Norge sine generelle ordningar til bruk i distrikta.

### **Inntektsgrunnlaget for kommunane**

Gode økonomiske rammevilkår for kommunane er ein føresetnad for attraktive lokalsamfunn. Ordningane knytt til inntektssystemet for kommunane er avgjerande for å sikre innbyggjarar gode tenester over heile landet.

Slik det er i dag, dekkjer ikkje utgiftskorrigeringsane alle kommunale oppgåver. Vi meiner *Demografiutvalet* har rett i si analyse av at små distriktskommunar ofte må ta eit ansvar for fleire og andre oppgåver enn i større kommunar, og at Inntektssystemutvalet bør vurdere om det er andre kostnader i distriktskommunar som inntektssystemet bør ta høgde for.

I mindre kommunar er det ofte små budsjett og små marginar. Fjellnettverket støttar difor utvalet sitt forslag om betre finansiering av særleg ressurskrevjande brukarar.

For fjellkommunane er det ei utfordring at overføringane til kommunane baserer seg på innbyggjarar og ikkje på faktiske brukarar av kommunale tenester. Mange fjellkommunar får mangedobla innbyggjartalet delar av året. Overføringane til kommunane blir rekna etter talet på heiltidsinnbyggjarar, og tek ikkje høgde for at måten nordmenn bur på og brukar fritida si på har endra seg. Fjellnettverket støttar utvalet i at infrastruktur og velferdssystema i større grad må tilpassast kvar innbyggjarane oppheld seg, og at Inntektssystemutvalet bør kome med forslag til korleis dette kan gjennomførast i praksis.

### **Sikre tilgang på kompetent arbeidskraft**

NOU 2020:15 synleggjer ei sentral utfordring for fjellkommunane: å skaffe tilgang på kompetent arbeidskraft. Ein årsak til dette er at utdanningsinstitusjonane i stor grad



FJELLNETTVERKET

er lokaliserte i sentrale område. Undersøkingar viser at over 70 prosent blir verande i regionen der dei har gjennomført studia. Eit høgt utdanningsnivå er viktig for å utvikle nye løysingar, innovasjon, og for ei berekraftig og grøn omstilling. Ei satsing på desentralisert høgare utdanning og fagskuleutdanning vil sikre kompetanse til næringslivet i distrikta. Fjellnettverket meiner difor det er nødvendig å opprette fleire studiestader i distrikta. Det bør i tillegg vere sterke insentiv slik at universitet, fagskular og høgskular opprettar fleircampusmodellar.

Fjellnettverket er samd med utvalet i at utdanningssystemet bør ha eit tydeleg ansvar for å bidra med kompetanse til distrikta. Vi støttar utvalet i deira synspunkt om at Kunnskapsdepartementet må sikre at utdanningsinstitusjonane tilbyr eit desentralisert utdanningstilbod, og at det må leggjast til rette for gjennomføring av praksis i distrikta. Det er svært uheldig at så mykje av midla til forskning går til dei store utdanningsinstitusjonane, og det bør arbeidast for å finne tiltak for å rette opp i dette.

## Infrastruktur

Infrastruktur og samferdsel er sentrale spørsmål for næringslivet og busettinga i distrikta.

Tilgangen på digital infrastruktur er svært mangelfull i store delar av fjellområda. Fjellnettverket er heilt samd med utvalet i at dette er ein føresetnad for deltaking i samfunnet. Manglande tilgang på nett med høg hastigheit har svært negative konsekvensar for barn og unge under utdanning, næringslivet og innbyggjarane generelt. Fjellnettverket støttar difor utvalet i at breiband og fiberløysingar må byggjast ut i alle delar av landet i eit mykje raskare tempo enn i dag, og at statleg støtte til utbygging må forsterkast. Tilgang på god og stabil elektronisk kommunikasjon er avgjerande for at det skal skapast arbeidsplassar og verdier over heile landet. Det er eit statleg ansvar å sørge for at alle innbyggjarane har tilgang på breiband.

Fjellnettverket støttar utvalet i at det i større grad bør prioriterast å byggje ut infrastruktur som kortar reisetida innanfor arbeidsmarknadsregionane. Dette kan også gjere regionane større. Men bompengefinansieringa må ikkje bli så omfattande at det blir for kostbart å bruke dei nye vegane. Mange stader vil utbygginga av vegar med bompengar gjere det svært dyrt å komme seg til region- og fylkessenter. Det bør difor greiast ut alternativ til dagens finansieringsmodellar.

Vi ser at mobilitet er ei utfordring, særleg for eldre og for ungdom under 18 år. Av omsyn til trafikktryggleik er Fjellnettverket i mot forslaget om å prøve ut førarkort for 16-åringar i distrikta. I staden bør det av klimaomsyn heller byggjast ut gode kollektivløysingar. Dette vil vere positivt for både ungdom, eldre og tilreisande i distrikta.



FJELLNETTVERKET

For at distrikta i større grad skal kunne bidra til det grønne skiftet må det byggjast ladestasjonar for person- og godskøyretøy. Her trengst det gode, statlege tilskotsordningar.

## **Bustadpolitikk**

Fjellnettverket ser det som viktig at bustadmarknaden i distrikta i større grad enn i dag følgjer utviklinga i sentrale strok. Det trengs ein meir differensiert bustadmarknad der det er tilgang på ulike typar bustader.

Fjellnettverket støttar utvalet i at Husbanken har ei distriktpolitisk oppgåve for å auke tilgangen på bustader både for befolkninga generelt og særleg for eldre.

Fjellnettverket støttar forslaget om skattefritak for utleige i distrikta og trur det vil kunne bli eit viktig bidrag for å auke tilgangen på bustader.

Fjellnettverket støttar ikkje forslaget frå utvalet om saneringssøtte mot fysisk forslumming, og meiner at det i staden bør vere statlege løysingar for å sette i stand hus og bygningar.

## **Verkemiddeldugnad**

Fjellnettverket ynskjer ei utprøving og evaluering av nye verkemiddel velkomen.

- Utvalet foreslår at nedskriving av studielån kan innførast i distriktskommunar i sentralitetsklasse 6 og nokre kommunar i klasse 5 i tillegg til i tiltakszona Finnmark og Nord-Troms. Fjellnettverket meiner dette vil vere eit godt verkemiddel.
- Differensiert barnetrygd og inntektsskatt bør òg vurderast. Fjellnettverket støttar forslaget om gratis barnehage og SFO for å auke etablering og tilflytting i distriktskommunar. Utvida opningstid for barnehagene kan også vere eit viktig verkemiddel for kommunar med mange pendlarar og mykje turnusarbeid.
- Fjellnettverket meiner statlege arbeidsplassar bør fordelast ut over landet. Fjellnettverket meiner det er nødvendig med ein offensiv statleg politikk for å desentralisere statlege arbeidsplassar. Det bør vere ei tydeleg målsetjing at statlege arbeidsplassar blir flytte frå sentrale strøk og ut i distrikta. Både delar av regjeringsapparatet, avdelingar av direktorat og andre statlege verksemdar bør flyttast ut av sentrale strøk, til kommunar i sentralitetsklasse 5 og 6.
- Staten bør etablere minimum 20 prosent av sine stillingar utan fast arbeidsstad. Dette vil leggje til rette for at statstilsette kan bu andre stader enn der kontora er lokaliserte. Arbeidsplassar som er lokaliserte rundt om i landet vil etter vårt syn vere ein styrke for statleg forvaltning. For distrikta vil det føre til viktige kompetansesarbeidsplassar og eit meir variert næringsliv.



FJELLNETTVERKET

- Utvikling og finansiering av fleire trainee-ordningar i distriktsregionar, gjerne basert på dei gode erfaringane frå Fjellregionen i Innlandet/Røros i Trøndelag. Slike ordningar har stor søking, og mange blir buande i regionen etter at programmet er gjennomført, jf. erfaringane som er vist til i vedlegg til NOU «Tilflyttings- og rekrutteringsarbeid i distriktene».
- Fjellnettverket foreslår ei forenkling av regelverket knytt til matservering på gardsbruk. I fleire europeiske land er det lagt til rette for at det på gardsbruk kan serverast lokalprodusert mat og drikke frå eige kjøkken. Dette vil kunne vere ei viktig tilleggsnæring for landbruket og styrke det opplevingsbaserte reiselivet.

## Konklusjon

Fjellnettverket er glad for at Demografiutvalet inviterer til ei drøfting og opning for nye forslag i distriktpolitikken. Utreiingane til Demografiutvalet og Distriktsnæringsutvalet gjev kunnskap som kan brukast som grunnlag for ein politikk som sikrar framtida for distrikta i Noreg. Vi forventar at fleire av forslaga vil bli gjennomførte, og vil understreke at ei rekke av tiltaka som er foreslått av begge utvala bør bli praktisk politikk innan kort tid.

Skal vi ha levande og livskraftige lokalsamfunn og fjellbyggder i framtida, er det nødvendig med ein offensiv distriktpolitikk, som tek i bruk vesentleg sterkare verkemiddel enn i dag. Distrikta og fjellområda bidreg med sine ressursar til landet som heilskap. Skal vi i framtida nytte desse ressursane på best mogeleg vis og leggje til rette for utvikling og det grønne skiftet, må det leggjast til rette for og arbeidast for at det bur folk over heile landet.